



Lindås kommune  
Bygesak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

LINDAS KOMMUNE	
Klassering	170/4
13. 12. 2013	
Ark. saksnr.	2013/3392
Saksh.	L ØPEN
BLNPE	
Tilgangskode	

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201309480-2/713.T04/OYSSKA


Dykkar ref.:  
2013/3314-0-26499/2013

Bergen, 10. desember 2013

## Fråsegn automatisk freda kulturminne - Søknad om etablering av våningshus og veg med parkeringsplass – gnr. 170 bnr. 4 - Vatne - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 20.11.2013, motteke 27.11.2013, i høve søknad om etablering av våningshus og veg med parkeringsplass på Vatne, gnr. 170, bnr. 4, Lindås kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Søknaden omfattar både etablering av våningshus og tilkomstveg. Lindås kommune påpeikar at det er kjend automatisk freda kulturminne på eigedommen. Kulturminnet er ein bautasteinslokalitet med idnr. 55192 og har status som automatisk freda. Vegalternativet for tilkomstveg som ligg ved søknaden er tenkt like i nedkant av kulturminnet, om lag seks meter frå den automatisk freda sikringssona. I tillegg er det planlagd ein parkeringsplass like søraust for lokaliteten (fig).



Figur synar automatisk freda kulturminne og planlagd tiltak

I Seim har det vore kjend fleire bautasteins lokalitetar, men det fins få igjen som står i sin opprinnlege samanheng slik som dei på Vatne. Bautasteinar inngår ofte som ein del av eit gravanlegg, og har vore nytta som symbol gjennom heile jernalder. Seim har ei rik historie med gravanlegg og busetnadsspor gjennom store deler av jernalder og mellomalder.

Den planlagde tilkomstvegen og parkeringsplassen er ikkje foreneleg med godt vern av det automatisk freda kulturminnet ID 55192, og vil medføre at kulturminnet vert utilbørleg skjemma og dermed omfatta av kulturminnelova § 3. Jamfør nasjonale føringar i høve kulturminneforvaltninga er det eit mål å bevare automatisk freda kulturminne i eit mest mogleg urørt kulturhistorisk landskap.

Dette vart formidla på synfaring i tiltaksområdet i 2009 der søker og arkeolog frå Hordaland fylkeskommune deltok, og var gjentatt i e-post til søker datert 13.01.2013, der vi bad om at alternative vegløysningar måtte prioriterast.

I høve plassering av våningshus har vi ingen avgjerande merknad ut over at vi ber om at ein under opparbeiding av tomta sokjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar bakkemurar, tufter m.m.

### Konklusjon

Hordaland fylkeskommune *rår ifrå* at det vert gitt løyve til å bygge tilkomstveg og parkeringsplass som vist på kart jf. søknad.

I høve plassering av våningshuset (stempla av Lindås kommune 16.10.2013) har vi ingen avgjerande merknad anna en at ein under opparbeiding av tomt og hus gjer minimale terrenginngrep for å ivareta kulturlandskapet i området. Vi minner og om at tiltakshavar må vera aktsam og melde frå om det skulle framkome moglege automatisk freda spor under arbeid, jf. kulturminnelova § 8.2.

Vi ber om å få oversendt vedtak i saka for vurdering av eventuell klage.

Med helsing



Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator



Øystein Skår  
spesialrådgjevar

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland